



Medlemmar av elevrådet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2410 - 17/10635

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

04.04.2017

Møte i elevrådet 4.april 2017 - referat

Tid: 10.15 – 11.00

Stad: Møterom i 1.etasje

Til stades:

Valborg (2.kl), Leander (3.kl), Gard (4.kl), Sølve (5.kl), Sebastian (6.kl) og Bettina (7.kl)

Sakliste:

1. Oppfølging av Elevundersøkinga (5. – 7.) og Trivselsundersøkinga (2. – 4.) – resultat:

- Seim skule sin styrke:
 - Høg grad av trivsel på skulen
 - Elevane er motiverte for å lære på skulen og dei prioriterer i stor grad å bruke tid på skularbeidet
 - Elevane får i stor grad god støtte heime
 - Elevane opplever at lærarane bryr seg og støtter dei i læringsarbeidet
 - Lese- og skriveferdigheiter – det kan sjå ut som at arbeidet med Leselos no gir resultat
- Utfordringar på Seim skule:
 - Ro i klassene og oppfølging/felles reglar
 - Alle må ha tydelege klassereglar hengt opp i klasserommet. Det skal også henge oppe lister med ansvarsoppgåver.
 - Vurdering for læring: Korleis kan elevane utvikle seg vidare, bli betre – kva må dei gjere/korleis arbeide?
 - Elevane ynskjer at lærarane høyrer meir på dei og at dei får meir medverknad
 - Nesten ingen liker lekser

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Leksene må ikkje vere for vanskelege, viktig med meistring. Mange liker å bruke It´s learning i leksearbeidet.
- Mobbing:
 - Nokre elevar svarer at dei vert mobba ein sjeldan gong og nokre svarer at dei vert mobba 1 gong pr. veke
 - Mobbinga handlar om å bli erta på ein sårande måte, bli haldt utafor og baksnakka og bli slått, dytta eller haldt fast.
 - Det er medelevar i hovudsak utafor klassen som gjer dette og det skjer i skulegarden.
 - Skulen bryr seg og sett i verk ulike tiltak. Verknaden av tiltaka varierer.
 - Det er lite digital mobbing på Seim
 - Dei vaksne på Seim driv ikkje med mobbing, men tre elevar har meldt at det har skjedd ein sjeldan gong.
 - Mobbing må vere tema for samtaler i klassene.

2. «Kom og leik» våren 2017

- «Kom og leik» startar opp igjen andre veka etter påske.
- Har de innspel til organiseringa? Leikar som er populære? Anna?
 - Elevane ynskjer at leikleiarane avgjer kva leik som skal gjelde for 5.-7.kl, men at leiken vert bestemt undervegs. Den skal ikkje stå på lista.
 - For 1.-4.kl må leiken vere bestemt på førehand – og stå på lista.
 - Oppmøteplass: På fotballbanen

3. Utstyr og leikar

- Nytt uteområde – litt informasjon:
 - Plassen vil venteleg stå klar til skulestart
 - Vi vil prøve å finne finne noen tidspunkt for dei yngste også, men det må vi ta til hausten.
- Tidlegare innspel frå klassene:
 - Dusjforheng vert no hengt opp
 - Kva reglar gjeld for dusj etter gymtimen?
 - 7.: Ingen jenter dusjar, gutane dusjar
 - 6.: Blir oppmoda – ikkje mange som dusjer
 - 5.: Alle vert oppmoda, men læraren kan ikkje tvinge
 - 4.: Må dusje viss de har med handkle – dei fleste har med, ikkje alle
 - 3.: Dusjer om dei har med handkle
- Reglar for Smashball

- Kan vi skrive ned felles reglar?
- 6.klasse har laga – alle klassene vil få kopi. Reglane må takast opp i alle klassene.
- Korleis kan vi ta vare på leikane – og spesielt ballane? Klasseball i klasserommet eller fellesballar i uteskuret?
 - I klasserommet – lærar må skrive ned kven som tek med ball ut og sjå til at den vert tatt inn igjen
 - Ballar; det ligg ofte mange ballar rundt omkring utafor skulen sitt område. Kan 5.klasse ta seg ein runde og leite/samle inn før påske?

Eventuelt:

- Kan veggene på leskuret lages tett? Det regner inn og benkene er alltid våte. Saka vert følgd opp av rektor

Med helsing

Anne Wergeland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Medlemmar av elevrådet